



Vinje-senteret

Tre oppsongar



Steinbukkestev
Blandemaskinkor
Sandharpesong

Kjartan Fløgstad

© 2018 Kjartan Fløgstad

Framsida

Kjartan Fløgstad ved Electric Furnace Products i Sauda august 2006. Foto: Finn E. Våga, Stavanger Aftenblad

Publisert etter avtale med forfatteren på Vinjesenteret.no 21. mars 2018

Steinbukkestev

Steinbukken steilar av vekta
Steinbukken står på tre bein
Steinbukken står fast på jorda
Steinbukken løftar stein

Å ta og sveiv
Å hiv og hå
Å hiv og heiv
Å ta i nå

Har ikkje horn som stangar
Har ikkje stjernetekn
Med vinsjen høgt i toppen
Løftar steinbukken stein

Å ta og sveiv...

Med spill og krok og taljer
Steinbukken vår står fast
Skrevar med alle beina
Løftar si tunge last

Å ta og sveiv...

Bukken som står på skeive
Hivet som står på spill
Med kjetting og tak i sveiva
Strammar me hivet til

Å ta og sveiv...

Så må me lirka med spettet
Spar steinen for djerve tak
Styr han med vågematen
Opp ned og framme bak

Å ta og sveiv
Å hiv og hå
Å hiv og heiv
Å ta i nå

Blandemaskinkor

Dette har me blanda i maskinen
Vatn og sement og støypesand
For lusne kroner lønn i timen
Ei skyffel og ein sekk til alle mann!

Lempa sekken opp i trillebåra
Fentikilos sekker med sement
Så vidt det går, det gjekk på håret
Med støypen i sitt rette element

Her går det så det syng mot dørken
Kjenner ikkje at det er eit slit
Murarar i beit for mørtel
Ropar ut om meire skit!

Spikrar fast med stål og lemmer
Og uhøvla forskalingsbord
Vatrar av og ser det stemmer
Med augnamål og loddesnor

Høyr kor tromlen går og durar
Sjå muraren som bygger blokk
I omfår opp til høge murar
Nå skrik han ut at nok er nok!

Binda jernet, støypa og armera
Få satsen opp i trillebår og vagg
Ta ei gasta tak og sjå og læra
Til me heisar sperreflagg

Støypen har blitt ferdig blanda
I bordgang på eit høgt stillas
Med liv i neven, stål i handa
Kranseskål, musikk og stas

Her ser me alltid kven som duger
Me har herda nye material
Det er tid for finpussing og fuger
For fasadar, utsider og skål

Muren har blitt reist frå jorda
Muren løftar seg til vers
Muren stig som song i orda
Orda kling som song på vers

Me kan riva ned forskaling
Mørtel har blitt hard betong
Då er tida inne for betaling
Jobben gjort for denne gong

Muren stengd og vegen open
Me har vågemat og spett
Alle redskap er eit våpen
Om du tar og held dei rett¹

¹ Ani DiFranco: "My I.Q.", AZ Lyrics, *Puddle Dive*, 1993.

Sandharpesong

Harpa har himmelske strenger
Og sandharpa strenger i kross
Så sandharpesongen kling lenger
Og gir djupare gjenklang i oss
Mot ståltråder spende som venger
Blir sanden ein brusande foss

*Der høgg me i haugen med spaden
Der spelar me harpe med sanden*

Det var meg og så var det ein annan
Eg var unggut og han var ein mann
Han sa nå skal du sjå på for faen
Finst det noko me karane kan
Er å sikta ut grusen frå sanden
Og skilja på grov og fin sand

*Her tar me eit spadtak om gongen
Og spelar på sandharpesongen*

Me var to, me var unge og sterke
Der svinga me spaden i takt
Der klimpra me tostemt på tverke
Med tonane heilt i vår makt
Med spadtaka gjekk me til verket
Med høgsong i grunntonedrakt

*Slik går det når sanden me siktar
Blir sandharpesongen me diktar*

For her får det bera og brista
Som to er me sterke i flokk
Alt finstemt fell saman mot rista
Det grove er haugen på nok
Av song berre kompisar visste
At det bur i ein arbeidsstokk

*Då blir trælar i neovane venger
Med spadtak som løftar oss lenger*

Lik sandkorn er me millionar
Her spelar me harpe på tvers
På stålstrengene som forsonar

Og går opp i ein høgare ters
I sandharpa blir me til tonar
Når sanden blir kasta til vers

*Så sandkorn blir englar med venger
Som svevar på sandharpestrenger*